

12 timar gratis SFO for 1. og 2 trinn frå og med skuleåret 2023-2024:

Regjeringa har vedteke at tilbodet om gratis 12 timar SFO for førsteklassingar skal utvidast til å også gjelda 2. klassingar frå og med skuleåret 2023-24. Fristen for å søkja om plass på SFO for skuleåret 2023-24 er 1. mars

**SFO 1 kortdag: På Vinjar har me kjernetid frå 07:30 til 15:00. I denne tida vil det vere gratis for dei borna som går i 1. og 2. klasse
Alle som ynskjer plass utover kjernetida må velje SFO lang dag, dette gjeld alle frå 1. til 4. klasse.**

Frå og med skuleåret 2023-24 får alle barn på 1. og 2. trinn, etter søknad, tilbod om 12 timar gratis skulefritidsordning.

SFO 1 Kortdag = del av dag før og etter skulen. Start- og sluttid kan variera frå skule til skule. Du kan ta kontakt med din SFO for meir informasjon.

SFO 2 Langdag = frå kl. 07:30 til skulestart og frå skuleslutt til kl. 16:30. Start- og sluttid kan variera frå skule til skule. Du kan ta kontakt med din SFO for meir informasjon.

Der det er tre barn eller mindre som har behov (SFO), skal tilbodet samordnast med barnehagen. Ferielukking av nokre barnehagar kan vera aktuelt dersom ein sikrar at barna likevel har eit tilbod.

Månadsbetalinga skal reknast etter opphaldstid i vanleg skuleveke og skal ikkje overgå meir enn 6% av inntekta til familiar med barn som går i SFO.

For fullt skuleår (følgjer skulerute) skal det betalast for 10 månader (halv betaling i juni og august og inga betaling i juli). SFO er sommarstengt i veke 27, 28, 29 og 30.

Barn i 5.-7. klasse med særskilte behov har rett på gratis SFO dersom lege eller anna faginstans har gitt skriftleg tilråding om at barnet bør gå i SFO.

Fristen for oppseiing er oppseiingsmånaden + etterfølgjande månad.

Det vert gitt 30 % søskenmoderasjon i prisen for 2. barnet og 100 % søskenmoderasjon frå 3. barnet familien har i barnehagen eller SFO. Det yngste barnet betalar full sats.

Ved kjøp av ekstra dag så skal det betalast kr 170,- for skuledag (SFO før og etter skuledagen). Det er ikkje søskenmoderasjon på kjøp av ekstra dag.

Kommunedirektøren kan ved manglande betaling sei opp tildelt plass i SFO jfr vedtekter § 6

Prisar og betaling SFO

Ordning	Betalingssatsar frå 01.01.23	Betalingssatsar 1.klassingar	Betalingssatsar 1. og 2. trinn frå og med skuleåret 2023-24
SFO 1 kortdag	kr 1 350	Gratis	Gratis
SFO 2 Langdag	kr 2 570	kr 1 225	kr 1 225
SFO 4 Full ferie	kr 550	kr 370	kr 370
SFO 5 Feriepakka (3 veker)	kr 400	kr 275	kr 275
Ekstra dag SFO (når det er skule)	kr 170	kr 170	kr 170

NB! Ved bruk av feriepakke SFO 5, blir uttak av dagar i ei ferieveke rekna som ei veke. Eks. Om du brukar 3 dagar i haustferien, har du brukt 1 av dei 3 vekene.